

Arealplan

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Bjørn Dyrkolbotn

Dyrhovden 2A
5993 OSTEREIDET

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Sveinung Toft

Vår ref.
2010/1529 - 0 -
5190/2011

Telefon

Arkivkode:
233/105Dato:
22.02.2011*Delegert sak handsama av avdelingssjefen***Godkjenning av delingssøknad på gnr. 233 bnr. 105 på Ostereidet****Saksutgreiing:**

Det vert vist til søknad om deling stempla motteke 19.07.2010.

Det er gjeve dispensasjon for omsøkt bustadtomt i plan- og miljøutvalet den 03.11.2010, sak 253/10 på vilkår.

Det er i brev av 04.01.2011 frå Lindås kommune v/ teknisk drift gjeve løyve til utvida bruk av avkøyring til kommunal veg på vanlege vilkår.

Det er i brev av 01.02.2011 frå Lindås kommune v/ byggjesak gjeve utsleppsløyve på vanlege vilkår for ein einebustad på omsøkt tomt.

Vurdering:

Kommunen vurderer søknad om deling etter plan- og bygningslova § 20-1, jamfør § 26-1. Søknad om deling er vurdert etter føresegner i eller med heimel i pbl. Me gjer merksam på at det likevel kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege tilhøve vedkjem ikkje løyve til deling av eigedommen som vert gjeve av kommunen med heimel i pbl.

Administrasjonen kan med tilvisning til plan- og bygningslova sine reglar knytt til byggjetomt no gje løyve til omsøkt bustadtomt. Det vert vist til avkøyringsløyve og løyve til utslepp, samt vilkår i dispensasjonssaka.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

- Med heimel i pbl §20-1.ledd m), jamfør § 26-1, gjev Lindås kommune løyve til deling av eigedomen som omsøkt.
- Det er eit vilkår at rettar knytt til veg, vatn og avlaupsleidningar må tinglysast
- Dersom deling ikkje er gjennomført med kartforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jamfør pbl § 21-9.



Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen, vedteke av kommunestyret i Lindås kommune den 10.12.2009 gjeldande frå 1.1.2010, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Delingssøknad i uregulert område – byggetomt	kr 5.000,-
Sum	Kr 5.000,-

Med helsing



Sveinung Tøft
fagleiar arealplan